

Navn:	<b>Fotografering på reise: "Menneske i miljø"</b>
Tema:	Kulturforståelse
Formål:	Lære om kultur og menneske. Skape grunnlag for refleksjon.
Gruppestørrelse:	15-30
Lydnivå:	-
Tid:	3-6 timar
Plass:	På reise
Ute/inne:	Ute
Forberedelse:	-
Utstyr:	Kamera
Aktivitetsnivå:	Middels
Beskrivelse av opplegg:	<p>Som fotografar på reise er det vanleg å dokumentere med ei viss distanse til "objektet" og gjerne "snikfotografere". Dette er ei problemstilling som har skapt mykje diskusjon i ei reisande fotoklasse, og det fins sjølvstgt ulike meiningar om kva som er best for biletet og kva som er etisk riktig. Kanskje blir augneblinken meir ektefølt om fotografen ikkje er til stades i biletet og om biletet er teke av "ei fluge på vegg", men blir elevane verkeleg kjent med kulturen og menneska ein møter ved å halde denne distansen?</p> <p>Det å spørje ein framand om å ta eit bilete av vedkommande er ei stor barriere, som er vanskeleg å bryte. Dersom ein klare å bryte denne tidleg i reisa, kan det vere lettare å spørje ved neste høve. Kanskje kan ei slik oppgåve gjere det lettare å bryte denne barrieren og samtidig kan ein bli betre kjent med menneska og kulturen ein møter.</p> <p>Oppgåva heiter "Menneske i miljø". Eleven må først velje seg eit miljø å oppsøke. Det kan vere ein marknad, eit tempel, ein restaurant, ei gate eller liknande. Utfordringa er å komme i snakk med ein person som held seg i dette miljøet, og i tillegg ta eit portrettbilete. Elevane skal spørje spørsmål som; Kva er ditt forhold til denne plassen? Kva er di rolle her? Kva likar du med denne plassen?</p> <p>Desse fakta kan hjelpe eleven når dei skal ta portrettbilete. Dei kan også danne grunnlag for ein fin samtale. Elevane får også i oppgåve å lære ein setning på det aktuelle språket.</p> <p>I etterkant skal elevane dele sine historier og vise fram portretta. Forhåpentlegvis kjem det fram mange fine historier som kan danne grunnlag for diskusjon.</p>
Fallgruver:	Det kan vere veldig skummelt for nokre elevar å snakke med framande. Ei løysing kan vere å jobbe to og to saman. Språk kan også vere eit problem.
Variasjoner:	
Kommentar:	
Kilde:	Lene Sjørøy Neverdal, Sogndal folkehøgskule